



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/10810-1

Møtedatoar i fylkesrådet for eldre - 2016

Møteplan for 2016 vert vedteken slik den ligg føre:

- 2. februar 2016
- 31. mai 2016
- 13. september 2016
- 22. november 2016

Vedlegg:
Ingen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Det er ynskeleg at møteaktiviteten held fram på line med fjoråret. Det vert planlagt og datofesta fire møter i 2016. I tillegg kan det kome ekstra møter etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

2. Bakgrunn for saka

Budsjettramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa.
Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkesutvalet i sak nr 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8.11.1991, nr 76.

3. Vurderingar og konsekvensar

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjera i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkomande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

4. Konklusjon

Møtefrekvensen for dei fire planlagde møta i 2016 gir rom for ekstramøter. Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogeleg å komme med innspel i til relevante politiske avgjelder.